
Saksnr: 2020/60578-3**Saksbehandlar** Ørjan Kvandal**Dato:** 20.08.2020

Til: Hovudutval for samferdsle og mobilitet, fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Avbroten sesong Turistrute Hardanger og Turistrute Bergen - Flåm

Det visast til sak PS 113/2020 i FUV den 28.05.2020 om utsett oppstart av turistrute Hardanger og turistrute Flåm.

Bakgrunn:

Turistrutene hadde oppstart 24. juni som vedtatt i FUV. Den 07. juli mottok Skyss brev frå Norled der det vart informert om låge passasjertal på turistrutene og stor usikkerheit rundt vidare utvikling i sesongen. Norled søkte derfor om løyve til å avbryte turistruta til Flåm og turistruta i Hardanger tidlegare enn 30.september (kontraktsfesta) for sesongen 2020 dersom tal reisande ikkje tok seg opp. Skyss svara 13.juli at det ved vidare drift i ein 2 vekers periode frå 15.juli burde være mogleg å ta ned noko av usikkerheita og gje eit meir presist estimat på den vidare passasjerutviklinga for resten av sesongen (mellom anna med bakgrunn i opning for reiser til Norge frå fleire land frå 15.juli). Skyss ba Norled overvake trafikkutviklinga og halde Skyss orientert.

Den 16. juli fekk Skyss brev frå Norled sin advokat der det vart bedt om fullmakt til å enten avbryte ruteproduksjonen på turistrutene dersom Norled meiner passasjergrunnlaget er for lågt eller at Norled får ei fullmakt til å avbryte ruteproduksjonen ved meir enn 40% nedgang i passasjertrafikken. Den 27. juli dokumenterte Norled ein nedgang i tal reisande på nærare 80% samla sett for turistrutene. Norled ønska då å stoppe ruteproduksjonen 9.august på turistrute Hardanger for å avgrense sine økonomiske tap på ruta. For turistruta Bergen - Flåm ville Norled analysere situasjonen nærare før dei konkluderte.

Turistrute Hardanger:

Etter dialog med Norled, Fylkesrådmann, Fylkesordførar og Hardangerrådet vart ein den 29.juli samd om å stoppe ruteproduksjonen for sesongen etter routeslutt 16.august på Turistrute Hardanger. Dette vart då kommunisert ut i relevante kanalar. Vederlaget til Norled vert redusert i samsvar med reell kostnadsinnsparing. Hardangerrådet si medfinansiering til Turistrute Hardanger vil bli redusert i samsvar med forholdsmessig reduksjon i vederlaget til Norled. Skyss vil ta opp dialogen med Hardangerrådet når dette er rekna ut.

Turistrute Bergen – Flåm:

I E-post 6.august opplyste Norled at dei også ønska å avslutte Turistruta til Flåm etter routeslutt 16.august då dei ikkje såg det som berekraftig å køyre ruta lengre enn det. Etter dialog med Fylkesrådmann, Fylkesordførar og ordførar i Aurland vart ein den 29.juli samd om å stoppe ruteproduksjonen for sesongen etter routeslutt 16.august på Flåmsruta og overgang til vinterruter på ekspressbårutene i Sogn og Fjordande frå og med 17.august. Dette vart då kommunisert ut i relevante kanalar. Vederlaget til Norled for drift av Flåmsruta fell vekk i tidsrommet båten ikkje går.

